



**Namn på søkjar:** Osterøy kommune  
**Prosjektnamn:** Klimakonferanse for kommunane i Norhordland  
**Kontaktperson:** Plan v/Kristin Edith Abrahamsen Kjærås  
**Telefon:** 56192174  
**Epost:** kristin.kjaeras@osteroy.kommune.no  
**Adresse:** Rådhusplassen, 5282 Lonevåg  
**Organisasjonsnr:** 864338712  
**Kontonr:** 36260700043

## Søknad om stønad til Klimakonferanse i Norhordland

Viser til korrespondanse med fylkeskommunen v/Tale Halsør og Per Hjalmar Svae. Gjennom stønadsordninga for «miljøsertifisering og klimaretta tiltak i kommunane» opnar Hordaland fylkeskommune for at det kan søkjast om løyving til klimarette tiltak i kommunane i Hordaland.

Osterøy kommune prioriterer klima- og miljøarbeid høgt. Kommunen er pilotkommune i prosjektet Hordaklim og er også deltakar i KS sitt kommunenettverk for klimatilpassing. Gjennom denne typen nettverksarbeid opparbeider fageiningane større kunnskap og forståelse av klimautfordringar og konsekvensar av dette. Særleg for framtidig planlegging er denne kunnskapen verdifull og no ønskjer vi å dele kompetanse om dette til fageiningane og beslutningstakarane i regionen.

På initiativ frå Osterøy kommune er regionrådet inviterte med til eit samarbeid om å arrangere klimakonferanse. Dette har regionrådet signalisert at dei ønskjer å væra med på og støtte opp om. Ein ønskjer i etterkant av valet (H/V 2015) å retta fokus på tema inn mot fageiningane og beslutningstakarane i Norhordland som ein del av politikaropplæringa ved konstituering av nye kommunestyre.

Ein ønskjer å sette klima på dagsorden i kommunane og gje politikarane eit utvida kunnskapsgrunnlag med denne konferansen.

Osterøy kommune ønskjer å gjennomføre konferansen i samarbeid med Regionrådet og Hordaland fylkeskommune.

Vi søkjer med dette om:

Kr 200.000,- i tilskot til gjennomføring av Klimakonferanse i Norhordland

Dato: 24.09.2015 Signatur: Kristin E.A. Kjærås